

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/82-1

Sogneprodukt AS - fusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet er i utgangspunktet positive til fusjonen mellom Sogneprodukt AS, Balestrand Industrier AS og Vik Asvo AS. Eigarutsendinga til selskapet får fullmakt til å ta endeleg stilling til spørsmålet om fusjon, på bakgrunn av fusjonsplanen med vedlegg, samt rapport og utgreiing om fusjonen utarbeida av styret i selskapet. For at fylkeskommunen si eigarutsending skal stemme for fusjonen stiller fylkesutvalet som krav at:

- fylkeskommunen sit igjen med like verdiar som før fusjonen, og at revisor i samsvar med aksjelova § 13-10 stadfestar at vederlaget til aksjeeigarane er rimeleg og sakleg grunngeve.
- utbytteforbodet framleis gjeld etter fusjonen.
- fylkeskommunen kan nytte selskapet sitt tilbod om tilrettelagt fagopplæring til ungdom som før.
- fusjonsplan, rapport og utgreiing som styra utarbeider syner at fusjonen medfører positive konsekvensar for selskapa og eigarane.

Vedlegg:

- Brev frå styreleiar i Sogneprodukt AS av 09.12.15
- Brev frå styreleiar i Sogneprodukt AS av 15.12.16
- Rapportering til styra

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka gjeld fusjonsprosessen mellom Sogneprodukt AS, Balestrand Industrier AS og Vik Asvo AS. Fusjonen skal handsamast på generalforsamlinga i Sogneprodukt AS 20.02.17.

2. Bakgrunn for saka

Sogneprodukt AS (heretter Sogneprodukt) er ei av fire arbeidsmarknadsbedrifter som fylkeskommunen eig aksjar i. Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Fylkeskommunen eig 27,2 % av aksjane. Aksjane sin pålydande verdi er 150 000 kr. Åtte kommunar og seks sparebankar har også aksjar i Sogneprodukt AS. For meir informasjon om selskapet syner fylkesrådmannen til Eigarmelding 2016; <http://img4.custompublish.com/getfile.php/3659390.2344.qeybafuptx/Eigarmelding+2016.pdf?return=www.sfj.no>

Siste året har Sogneprodukt vore i samtalar med to andre arbeidsmarknadsbedrifter, Balestrand Industrier AS og Vik Asvo AS, om å fusjonere. Sistnemnde selskap er heileigd av Vik kommune, medan Balestrand kommune eig alle aksjane i Balestrand Industrier AS.

Sogneprodukt har orientert eigarane om fusjonsplanane på generalforsamlinga i 2016, samt ved brev av 09.12.15 og 15.12.16. Brevane følgjer vedlagt saksframstillinga.

Sogneprodukt er det overtakande selskapet, og overtek dei andre selskapa sine egedelar, rettar og pliktar. Som vederlag får aksjeeigarane i dei andre selskapa aksjar i Sogneprodukt.

Selskapet planlegg ekstraordinær generalforsamling 20. februar, der ein skal avgjere om selskapet skal fusjonere eller ikkje.

Eigarutsendinga til selskapet, Aleksander Øren Heen, ønskjer å drøfte saka med fylkesutvalet før generalforsamlinga. Det er fylkesutvalet som fortløpande utøver eigarskapen i selskap på vegner av fylkestinget, sjå m.a. delegeringsreglementet pkt. 4.1 og 4.5 og Eigarmelding 2016 pkt. 3.4. Fylkesutvalet førebur handsaming av selskapa sine eigarmøte, og instruerer gjennom dette fylkeskommunen sine eigarutsendingar, sjå Eigarmelding 2016 pkt. 3.2.1. Fylkesutvalet må i denne saka vurdere om fylkeskommunen skal gå inn for fusjonen, og om eigarutsendinga vår skal stemme for eller mot fusjonen på generalforsamlinga.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesutvalet si handsaming av saka og fusjonsdokumenta

Samanslåing av aksjeselskap (fusjon) er regulert i aksjelova kap. 13. Ved fusjon skal styra i selskapa utarbeide ein felles fusjonsplan. I det enkelte selskap blir avgjerda om fusjon gjort ved at generalforsamlinga godkjenner fusjonsplanen med fleirtal som for vedtektsendring (2/3). Styret i kvart selskap skal utarbeide ein skriftleg rapport om fusjonen og kva den vil bety for selskapet, samt ei utgreiing om fusjonsplanen. Fusjonsplanen, rapporten og utgreiinga skal ifølgje aksjelova sendast til aksjeeigarane seinast to veker før generalforsamlinga skal handsame planen.

Etter at Sogneprodukt orienterte om fusjonen i 2015, oppmoda fylkesrådmannen selskapet om å sende dokumenta til fylkeskommunen så tidleg som mogleg, slik at fylkesutvalet fekk høve til å vurdere dokumenta før generalforsamlinga. Når selskapet orienterte om tidspunktet for general-forsamlinga ved e-post av 28.11.16, spurte fylkesrådmannen om det var mogleg å få tilsendt dokumenta før FU-møtet 25. januar, eller at generalforsamlinga vart utsett til etter FU-møtet 6. mars. Attendemeldinga frå selskapet var at dette ikkje var mogleg. Dokumenta skal utarbeidast på bakgrunn av verdsetjing av selskapa som skal fusjonere. Etter aksjelova kan tidspunktet for verdsetjinga tidlegast vere åtte veker før fusjonen skal handsamast på generalforsamlinga. Selskapa har lagt opp til at opningsbalansen skal baserast på årsrekneskapen i dei tre selskapa per 31.12.16, og generalforsamlinga må difor haldast innan åtte veker etter dette tidspunktet. Av informasjonsbrevet dagsett 15.12.16 går det fram at styret legg opp til å handsame fusjonen i møte 13. februar, og på generalforsamling 20. februar. Fusjonsplanen og dei andre dokumenta kan då sendast til aksjeeigarane 13. februar.

Det beste hadde vore om fylkesutvalet hadde fått tilsendt dokumenta før handsaming av saka. Dette hadde likevel vore viktigare dersom det var tale om andre selskap der fylkeskommunen har eigardelar av høgare verdi. Fylkesrådmannen har dessutan forståing for at tidskravet i høve verdsetjinga gjer det vanskeleg for styret å tilpasse fusjonsprosessen, slik at dokumenta kan leggjast fram i eit FU-møte før generalforsamlinga. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet drøftar fusjonen, og gjev eigarrepresentanten styringssignal, på bakgrunn av opplysningane fylkeskommunen har fått frå selskapet på dette tidspunkt. Fylkesutvalet bør så gje eigarrepresentanten fullmakt til å ta endeleg stilling til spørsmålet om fusjon etter å ha fått fusjonsdokumenta frå styret.

Formålet med fusjonen

Bakgrunnen for fusjonen er at det skjer store endringar i rammevilkåra i bransjen, og styra i selskapa ønskjer å møte dette offensivt ved å utvikle ei meir slagkraftig arbeids- og inkluderingsbedrift i Sogn. Målet er vidare at det fusjonerte selskapet skal tilpasse seg, dra nytte av framtidige rammevilkår og at tenestene skal utviklast til det beste, både for eigarane, einskildpersonar og arbeidsgjevarar i Sogn.

Frå 2016 har regjeringa endra rammevilkåra for arbeidsmarknadsbedriftene. Tiltak som det tidlegare berre var vekst- og attføringsbedriftene som kunne tilby NAV, er no anbudsutsette. NAV vil dessutan gjere meir av arbeidet sjølv, og overta tenester dei tidlegare har kjøpt frå selskapa. Vidare blir fleire av tiltaka endra eller slått saman. Dette representerer endringar og utfordringar både for bransjen og kvar enkelt verksemd.

I samband med fusjonsprosessen har selskapa vore i dialog med NAV Sogn og Fjordane, som er selskapa sin viktigaste kunde og samarbeidspartnar. Direktøren har gjeve selskapa råd om korleis dei best kan møte dei nye endringane og utfordringane. Ifølgje NAV blir krava til leverandørane av tiltak større, m.a. når det gjeld kvalitet, kompetanse, breidde i tilbod, kvalitetssikring og datasikkerheit m.m. NAV ser at dei små leverandørane får større utfordringar med å løyse desse krava enn dei store, og at ei samanslåing av leverandørar til ei større eining vil kunne vere eit viktig grep, sjå informasjonsbrevet frå Sogneprodukt dagsett 15.12.16.

Styra i dei tre selskapa har kvar for seg kartlagt fordelar og ulemper med ei ev. samanslåing. I prosessen har styra nytta erfaringar frå liknande prosessar andre stadar i landet, samt innhenta råd frå revisor. For ei nærare utgreiing om fusjonsprosessen så langt, samt konsekvensane ved fusjonen, syner fylkesrådmannen til vedlegg 3 «Rapportering til styra».

Formålet med fylkeskommunen sin eigarskap i Sogneprodukt er samfunnsmessige omsyn; fylkeskommunen ønskjer å støtte opp om verksemda til selskapet, sjå Eigarmelding 2016. Fylkesrådmannen meiner Sogneprodukt gjer eit viktig arbeid som «bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning, men ser at selskapet no møter utfordringar på grunn av dei nye rammevilkåra. Fylkesrådmannen vurderer at eit fusjonert selskap vil stå betre rusta for å møte endra rammevilkår. Fusjonen vil tilføre selskapet kompetanse og meir ressursar, som kan føre til betre tiltak og tilbod, samt betre moglegheiter for å vinne anbod. Fusjonen vil også danne grunnlag for vidare vekst og utvikling for selskapet.

Økonomiske konsekvensar

Det er ikkje finansielle mål som er bakgrunnen for fylkeskommunen sitt eigarskap i selskapet, jf. Eigarmelding 2016. Uansett følgjer det av selskapet sine vedtekter at selskapet ikkje skal dele ut utbytte til aksjonærene. Bakgrunnen er at utbytteforbodet er ein føresetnad for å bli godkjent som leverandør til NAV. Av brevet frå selskapet om fusjonsprosessen går det fram at utbytte-forbodet skal halde fram etter fusjonen.

Aksjevederlag/bytteforhold

I fusjonsplanen som styra utarbeider skal vederlaget til aksjeeigarane i dei overdragande selskapa fastsetjast, dvs. bytteforholdet mellom aksjane i overdragande og overtakande selskap. Av fusjonsplanen skal det altså gå fram kor mange aksjar Balestrand og Vik kommune skal få i det fusjonerte selskapet.

I utgreiinga til fusjonsplanen skal styret i kvart selskap gjere greie for kva framgangsmåte som er nytta ved fastsetjinga av vederlaget til aksjeeigarane, om det har vore særskilde vanskar ved fastsetjing av vederlaget og om vederlaget til aksjeeigarane er rimeleg og sakleg grunngeve. Utgreiinga skal vere stadfesta av revisor. Som nemnt ovanfor vil ikkje fusjonsplanen vere klar før etter styremøtet 13. februar, men i informasjonsbrevet skriv styreleiar at eigarane av VIK ASVO, Balestrand Industrier og Sogneprodukt skal eige like store verdiar etter fusjonen som før, men i eit fusjonert selskap som har ein større samla verdi.

Fylkesrådmannen legg til grunn at styret i Sogneprodukt vil ivareta fylkeskommunen og dei andre eigarane sine interesser, og sikre at eigarane sit igjen med same verdiar etter fusjonen. Vidare går fylkesrådmannen ut frå at styra i dei tre selskapa vil syte for at det blir gjort eit grundig arbeid ved verdsetjinga, og at styra saman kjem fram til eit rimeleg bytteforhold basert på verkeleg verdi på egedelane og pliktane til selskapa. At revisor skal stadfeste at vederlaget til aksjeeigarane er rimeleg og sakleg grunngeve, gjev dessutan ei uavhengig vurdering av vederlaget. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det ein føresetnad for at fylkeskommunen skal stemme ja til fusjonen, at fylkeskommunen sit igjen med dei same verdiane som før fusjonen, samt at revisor stadfestar at vederlaget til aksjeeigarane er rimeleg og sakleg grunngeve.

Lokalisering og tilsette

Dagleg leiar opplyser at fusjonen ikkje vil medføre nedbemanning, eller endring i lokaliseringa av selskapa.

Tenester som fylkeskommunen nyttar seg av

Fylkeskommunen har hovudsakleg nytta seg av Sogneprodukt sitt tilbod om tilrettelagt fagopplæring for ungdom. Ungdomar har gjennom dette samarbeidet skaffa seg fagbrev og kompetansebevis. Av informasjonsbrevet går det fram at eigarane kan nytte det nye selskapet sine tenester som før til fagopplæring for ungdommar. Tilbodet om tilrettelagt fagopplæring blir dessutan styrka som følgje av fusjonen, ved at det nye selskapet har høve til å tilby fleire fag internt.

4. Konklusjon

Endringane av rammevilkåra i bransjen medfører utfordringar for Sogneprodukt og dei andre arbeidsmarknadsbedriftene. På bakgrunn av informasjon frå selskapet vurderer fylkesrådmannen at eit fusjonert selskap vil stå betre rusta for å møte endringane i rammevilkåra. Fusjonen vil samla sett ha positive konsekvensar, både for dei tre selskapa, for fylkeskommunen og dei andre eigarane, samt for dei som nyttar tiltaka og tilboda til selskapa.

Utan fusjonsplanen, rapporten og utgreiinga som styret utarbeider i høve fusjonen, er det likevel vanskeleg for fylkesrådmannen, og fylkesutvalet, å ta endeleg stilling til spørsmålet om fusjon. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet gjev eigarutsendinga fullmakt til å ta endeleg avgjerd på bakgrunn av fusjonsdokumenta som blir utarbeida av styret, men at fylkesutvalet stiller visse minimumskrav som må vere oppfylte for at eigarutsendinga skal stemme for fusjonen.